

Laurdag 28. juni er det duka for årets høgdepunkt på Dønhaug Gjestegard i Uskedalen, og kanskje eit av dei største arrangement i Kvinnherad dette året.

Denne kvelden bli det to konsertar, fyrst ut blir **Jonas Fjeld m/band**, deretter er turen komen til **Henning Kvitnes m/band**. Begge desse artistane høyrer til det øverste sjiktet i landet, og vil vera godt kjende for dei aller fleste. Dette er to "folkelege" og kjære artistar. Å få oppleve desse to på ein og samme kveld er unikt.

Jonas Fjeld har over 35 år bak seg på norske landevegar, og det finns vel knapt eit konsertlokale i dette langstrakte landet han ikkje har besøkt i sin karriere. Han har nærmare 30 plateutgivelsar bak seg, både med norske og engelsk tekstar.

Hans to siste "Mårrakvist" 2006, og "Amerikabesøk" 2007 har hausta fantastiske kritikkar, med 5-arar og 6-arar frå eit samla pressekorps. Det siste albumet var saman med bluegrass-bandet Chatham Country Line. Fjeld har vore svak for country og spesielt bluegrass- musikk heile livet, og saman med Chatham-gutta har han verkeleg fått utløp for si country/bluegrass- interesse.

Jonas Fjeld har fått Spelemannsprisen og prisar i USA for musikken sin.

Henning Kvitnes fekk spelemannsprisen no i februar for CD-en "Stemmer i gresset" som kom ut sept. 2007. Dette er hans 20. album, og hans mest varierte og beste plate: både melodisk og når det gjeld arrangement og tekstar. Denne plata markerte og hans 30-års jubileum som aktiv muskar og låtskrivar.

I mai fylte Henning Kvitnes 50 år, og han har opplyst at dette er siste året han reiser rundt på turne, og med avslutningskonsert laurdag 16. august. Så kanskje er dette eit av dei siste høva me har til å oppleve Kvitnes på ein konsert-scene.

I utgangspunktet blir dette lagt opp som utekonsert, men dersom veret blir ulageleg blir konserten flytta til Dønhauglåven. Difor vil førehandssalet i fyrste omgang bli tilpassa kapasiteten på låven.

Me vil eventuelt. opna for eit større antall billetter dei siste dagane før konserten dersom veret teiknar til å bli bra. Interessa for konserten har vore svært stor, og dei aller fleste billettane er førehandstinga, men me har lagt ut eit begrensa antall billetter i Uskedalen og på Husnes.

Det vert høve til å kjøpa grillmat, og i tillegg vert det sett opp bussar etter at arrangementet er slutt.

Magne Huglen